

Årsrapport 2014-2015

1 Styrets beretning

Frå 2014 er Program for kuntnarleg utviklingsarbeid (PKU) organisert som ei statleg fellesoppgåve etter universitets- og høgskolelova sin § 1-4-4, med Kunst- og designhøgskolen i Bergen som operatør. Statlege midlar blir kanalisert til PKU for nasjonal konkurranse gjennom to ulike program, stipendiatprogrammet (2003-) og prosjektprogrammet (2010-). Programstyret har 7 medlemmer og ein administrativ stab på 2 årsverk.

Programstyret hadde ei total budsjetttramme for 2014 på 33,8 mill NOK. Av dette er 18,9 mill NOK overført til institusjonane knytta til løn og drift av stipendiatstillinger og 8,9 mill NOK avsatt til overføring til institusjonane knytta til tildelingar frå prosjektprogrammet. Den resterande del av tildelingane er knytta til felles drift av programma.

Mykje av den faglege verksemnda i programmet finn stad i institusjonane og institusjonane si eigenfinansiering er stor i begge programma. Ved utgangen av 2014 er det 53 registrerte stipendiatar i programmet. 34 av desse er tatt opp dei tre siste år og av desse er 9 stipendiatar finansierte frå institusjonane sine egne budsjett, altså om lag ein fjerdedel av dei siste kulla.

I 2014 har programstyret stadfesta 13 sluttvurderingar av stipendiatar til bestått. Dette er det høgste talet noko år fram til no og vi kan vente eit like høgt tal dei kommande åra. Gjennomstrøminga i programmet er ikkje tilfredsstillande for eit treårig program, sjølv om Programstyret ser positive teikn til betring i løpet av 2014. Styret si vurdering er at nokre av flaskehalsane for raskare gjennomføring har vore knytt til retningslinjene og handteringa av sluttfasen, altså bedøminga. Betre gjennomstrøming har vore ei av føringane i utforminga av nye retningslinjer for programmet som styret vedtok 12.09.2014.

Det er fortsatt ikkje meir enn i alt 26 stipendiatstillingar å fordele mellom dei 12 institusjonane som er knytt til programmet, noko som gjer rom for eit årleg opptak på 8-9 stipendiatar. Det årlige opptaket er kritisk lågt når ein ser på at fleire av institusjonane dekkjer eit vidt internt fagspekter. Programstyret har dei siste åra tatt til orde for at programmet bør disponere 45 stipendiatstillingar og dermed ha rom for til eit årleg opptak på 15 stipendiatar. Institusjonane og programmet er klare for det og sektoren treng det. Programstyret foreslår ei auke med 10 stillingar i 2016 og legg til grunn den satsen som er brukt for rekrutteringsstillingar i framlegget til Statsbudsjett for 2015. Det gjer ei auke i budsjettet med 11,33 mill NOK.

I 2014 hadde prosjektprogrammet 12 søknader. Prosjekta det vart søkt støtte til hadde ei samla ramme på 42,1 mill NOK. Når ein tar omsyn til institusjonane sin eigenandel, som er betydeleg, og prosjekta sine bidrag frå andre partnarar, var det totale søknadsbeløpet til programmet på 25 mill NOK. Prosjektprogrammet hadde ufordelte midlar frå år før og kunne i 2014 gje tilsagn tilsvarande i alt 10,6 mill NOK. Det er over 70% meir enn året før. Dette gjer tildelingane til den største i programmet si levetid. Programstyret måtte likevel avslå fleire klart støtteverdige prosjekt. I søknadsrunden for 2015 hadde prosjektprogrammet i alt 18 søknader med eit totalt søknadsbeløp på 40,4 mill NOK. Programstyret har gitt tilsagn om støtte til 5 prosjekt med i alt 10,3 mill NOK over 3 år og eit prosjekt fekk ei tilleggs-løyve til eit større dokumentasjonsarbeid.

Styret ser det som viktig at bevilgninga til prosjektprogrammet kan åpne for prosjekt som er langt meir ambisiøse enn det budsjetttramma gjer mogleg. Budsjetttramma gjer på lang sikt rom for ei årleg tildling frå programmet på om lag 8,5 mill NOK. Den årlege tildelingane bør vere slik at det er rom for å finansiere enkeltprosjekt som over tre år ligg på 10 - 15 mill NOK. Den største tildelingane til no er på 3,8 mill NOK til eit prosjekt som med bidrag frå eigen institusjon og andre partar har ei totalramme på 6,3 mill NOK. Målet må difor vere ei rask opptrapping av prosjektprogrammet, slik at ramma kjem opp i 30 mill NOK per år. Det vil og bidra til at ein i sterkare grad kan sjå dei to delprogramma i ein større samanheng og etablere prosjekt som og har stipendiatar knytta til seg. Programstyret foreslår difor ei auke i 2016 med NOK 10 mill NOK.

Tildelingane til Programstyret er i 2015 på NOK 38.114.000. Samla foreslår Programstyret ei auke i budsjettet for 2016 med NOK 21.330.000.

2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

Kunstnarleg utviklingsarbeid (KU) har vore ei lovpålagt oppgåve for høgare kunstutdanning sidan 1995. Kunstnarleg utviklingsarbeid har vore ei drivkraft for fagleg utvikling, og fagmiljøa har stort eigarskap når det gjeld begrepet sitt innhald.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) er organisert som ei nasjonal fellesoppgåve der drifta er lagt til Kunst- og designhøgskolen i Bergen (KHIB). PKU ledes av eit styre på 7 medlemmer oppnemnt av Kunnskapsdepartementet (KD). Målet for verksemda er slik:

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) skal gjennom stipendiatprogrammet og prosjektprogrammet verke for at universitet og høgskolar utfører kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt, internasjonalt nivå. Programmet skal bidra til å fremme refleksjon og innsikt basert på kunstnarleg praksis, og stimulere til tverrkunstnarisk kommunikasjon og møtestader for dei relevante fagmiljøa.

Med bakgrunn i denne målformuleringa treffer styret beslutninger om PKUs faglige verksemd innafor dei rammene som departementet gir, og innenfor dei administrative rammene som gjeld ved KHIB.

PKU er den einaste nasjonale finansieringskjelda for kunstnarleg utviklingsarbeid og spelar difor ei heilt sentral rolle for kunstutdanningane. Programmet har ein viktig funksjon som fagleg arena for eit nasjonalt fagmiljø og bidrar aktivt i utviklinga av fagleg kvalitet, både gjennom prosjektarbeidet i og mellom institusjonane, gjennom dei halvårlege samlingene og andre møtestader som fremmar refleksjon.

Det går føre seg ein kontinuerleg diskusjon i fagmiljøa omkring kva kunstnarleg utviklingsarbeid impliserer. For både stipendiat- og prosjektprogrammet gjeld det at prosjekta skal få fram resultat på høgt nivå og med nasjonal og internasjonal relevans. Krav til kunstnarleg kjerne står sentralt, kobla med krav til refleksjon omkring prosess, metodar og kontekst, og synleggjering av resultat. Retningslinjer for tildeling i PKU er både for stipendiat- og prosjektprogrammet utvikla i tett dialog med institusjonane, og gjev sterke føringar for institusjonane si felles forståing av innhaldet i kunstnarleg utviklingsarbeid. PKU bidrar til å styrke fagmiljøa si innsikt, kunnskap og medvet om metodar og kontekst i kunstnarlege prosessar, og skaper ein kritisk dialog omkring dette. Programmet har tilført sektoren ein kultur for bruk av fagfellevurdering som vi vurderer som eit viktig element i kvalitetsutviklinga i institusjonane.

Det nasjonale stipendiatprogrammet blei etablert blant anna for å sikre kritisk masse for fagområdet kunst på stipendiatnivå. Programmet samlar stipendiatar innan eit vidt fagspekter og gjer stipendiatar frå små fagmiljø eit nasjonalt felleskap og ei felles obligatorisk utdanningsdel. Samtidig er utviklinga av sterke forskingskulturar på dei enkelte institusjonane ei forutsetning for at stipendiatprosjekta skal gi resultat. Stipendiatane er viktige faglege ressursar for institusjonane. Programstyret legg i opptaket vekt på institusjonane sine prioriteringar og at stipendiatane har eit tilhøre i fagmiljøa. Dette følgjes opp i årlege rapportar frå institusjonane om stipendiatane si framdrift og prosjekta deira.

Prosjektprogrammet er på same måte som stipendiatprogrammet eit avgjerande verktøy for den faglege utviklinga i institusjonane. Prosjektprogrammet har gitt miljøa åpning for å prøve ut større fellesprosjekt kor ein eksperimenterer med sjølve prosjektforma og med ulike samarbeidspartnarar. Programstyret har sett fokus på organisering og leiing av prosjekta, på publisering og offentleg presentasjon av prosjekta og resultatata. Dei årlege samlingene om hausten har ei særleg viktig rolle for å synleggjere prosjektprogrammet og sette KU-verksemda på kartet.

Kunstnarleg utviklingsarbeid i Noreg og artistic research internasjonalt er vesentleg styrka som felt, og mange erfaringar er gjort gjennom ulike rammeverk og prosjekt. Dei norske strategiane for kunstnarleg utviklingsarbeid har hatt stor påverknad internasjonalt. Den norske plattformen for stipendiatprogrammet, med klar forankring i kunstnarleg praksis, har vore eit førebilete for andre etableringar av 3. syklus-program. Dei norske miljøa har vore aktive i nordisk og europeisk samanheng. Den internasjonale kontaktflata er brei og mangfaldig samla sett for dei norske institusjonane og PKU. Eit større tal internasjonale ressurspersonar er rettleiarar og bedømmarar i stipendiatprogrammet, og er engasjerte som sakkunnige for søknader både for stipendiat- og prosjektprogrammet. Det foregår kontinuerleg ein internasjonal dialog på ulike møtestadar knytta til PKU. Programmet og institusjonane er med i ei rekkje relevante nettverk. Dette er viktige arenaer for å hente meir informasjon frå samanliknbare tiltak utanlands, rekruttere sakkunnige til dei to programma og gjere programma synlege i utlandet.

Programstyret hadde ei total tildeling for 2014 på 33,8 mill NOK. Overførte statlege midler frå tidlegare år gjorde at totalt budsjett kunne settast til 38,0 mill NOK. 23 mill NOK er knytta til stipendiatprogrammets drift og av dette er 18,9 mill NOK overført til institusjonane knytta til løn og drift av

stipendiatstillinger. 10,6 mill NOK er avsatt til overføring til institusjonane knytta til tildelinger frå prosjektprogrammet. 3,8 mill NOK, er knytta til felles drift av programma. Dette dekkjer administrasjon av programmet med 2 årsverk, styrets utgifter og anna felles drift av programmet.

3 Årets aktivitetar og resultat - 2014

Det har vært ei markant auke i talet på primærøkjjarar til stipendiatprogrammet. Ved søknadsfristen i desember 2013 var det 209 økjjarar. Dei øknadene som institusjonane velger ut for oversending til opptaksvurdering av styret er betydeleg lågare, men også her har vi sett ei tydeleg auke dei siste åra. Søkerata i desember 2014 er 153 økjjarar til institusjonane. Ein større del av opptaksarbeidet skal frå 2015 skje i institusjonane, så vi ventar at talet på øknader til endeleg opptaksvurdering i Programstyret vert lågare.

Opptaket det enkelte år skjer i samsvar med tilgjengelige ressursar, er basert på nasjonal konkurranse og etter innstilling frå institusjonane. Programstyret fikk i 2014 oversendt 41 øknader.

- Programstyret tok i 2014 opp 12 stipendiatar, 7 av desse med finansiering frå PKU. Styret har fremma forslag i budsjetta om at det årlege opptaket med støtte frå PKU burde vere på 15 stipendiatar.

Fagområde	SØKNAD		OPPTAK	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
Design	2	3	1	2
Visuell kunst	12	13	3	3
Film	2	3	1	1
Scenekunst	4	7	3	3
Musikk	5	15	1	3
	25	41	9	12

Frå oppstarten i 2003 og fram til no har programmet alt i alt hatt 101 stipendiatar. Ved utgangen av 2014 er 53 stipendiatar registrerte som aktive i programmet. 41 av desse er tatt opp i perioden 2011-2014 og 12 er tatt opp i 2010 eller før.

Fordelinga av dei 53 aktive stipendiatane mellom institusjonane og årskulla går fram i neste tabell.

Registrerte stipendiatar i programmet per institusjon og opptaksår, per 31.12.14										
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Totalt
HiL	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1
HiØ	0	0	0	0	0	0	0	1	1	2
KHiB	0	0	0	0	2	0	3	1	1	7
KHiO	0	0	0	3	1	3	2	3	5	17
NMH	1	0	1	0	1	3	4	1	1	12
NTNU	0	0	0	1	0	0	0	3	1	5
UiB	1	0	1	0	0	1	0	1	0	4
UiS	0	0	0	0	0	0	1	0	1	2
UiT	0	0	0	0	0	0	0	2	1	3
Totalt	2	0	2	4	4	7	10	12	12	53

41 stipendiatar har til no fullført og bestått programmet. I 2014 har programstyret stadfesta 13 sluttvurderingar til bestått. 1 av desse stipendiatane var opprinneleg finansiert frå NFR og 1 var finansiert frå eigen institusjon. Alle desse 13 kandidatane var tatt opp i 2010 eller før. 1 stipendiat fekk ikkje bestått på sluttvurdering av sitt prosjekt, men kan framleis søkje om ny vurdering. 1 stipendiat avslutta utan sluttvurdering.

- Programstyret er merksam på at gjennomstrøminga i programmet ikkje er tilfredsstillande og har tatt desse utfordringane opp i møte med institusjonane. Utforming av nye retningslinjer for programmet har og hatt som mål å leggje til rette for betre samhandling mellom programstyret og institusjonane og bidra til auka gjennomstrøming.



- Programstyret er nøgd med det høge talet på kandadatar i 2014. Det viser at institusjonane legg vekt på tiltak som bidrar til at gjennomstrøyminga i programmet skal bli betre.

Fordelinga av dei ferdiege kandidatane mellom fag og institusjonar i 2014 går fram av tabellen under.

Institusjon	Visuell kunst	Musikk	Scene	Totalt	Kvinner:
KHiB	3			3	1
KHiO	4		1	5	2
NMH		4		4	0
UiB		1		1	0
	7	5	1	13	3

- Programstyret viser til at berre tre av dei ferdige kandidatane i 2014 er kvinner. Dette vil betre seg over tid då adelen kvinner blant stipendiatane er større i dei seinare stipendiatopptaka.
- 41 stipendiatar har til no fullført og bestått programmet og 14 av dei er kvinner. Av dei 12 som blei tatt opp i 2014 er 9 kvinner. Kvinneandelen i programmet er etter dette samla sett god og innafør dei ulike faga, men fordelinga på dei enkelte institusjonana kan være ujevn. Av 53 registrerte stipendiatane er 29 kvinner.

Finansieringa frå departementet er frå 2015 på 26 stillingar og tilsvarar eit opptak på 8-9 stipendiatar kvart år. Dei siste åra har institusjonane i større grad bidratt med eigne ressursar, slik at opptaket kvart av dei to siste åra har vore på 12 stipendiatar. Dette er likevel eit lågt tal når ein samanliknar med heile sektoren høgare utdanning. Programstyret har difor i budsjettforslag til departementet føreslege at talet på stipendiatar blir auka kraftig.


- Programstyret meiner at målet må vere at programmet ved utgangen av dei komande tre åra disponerer i alt 45 stillingar og har eit årleg opptak på 15 stipendiatar finansiert frå programmet.

Programstyret har gjennomført ei eigenevaluering av verksemda i stipendiatprogrammet. Denne er basert på ein gjennomgang av dei kritiske refleksjonane og sluttbedømmingane som føreligg for stipendiatane, på styrets erfaringar og på innspel frå institusjonane. Det viktigaste resultatet frå denne evalueringa er ein samla revisjon av Retningslinjene for programmet, vedtatt hausten 2014. Programstyret sette som premiss for prosessen at revisjonen skulle bidra til:

- ekstern og intern tillit til programmets plass i 3. syklus
- kvalitetssikring i alle ledd
- betre gjennomstrømning
- auka transparens
- meir effektiv sakshandsaming
- konstruktiv arbeidsdeling mellom programstyre og institusjonane
- mindre arbeidsbyrde for programstyre og programadministrasjon

Programstyret har lagt vekt på at retningslinjene skal vere oversiktlege og lett tilgjengelege for alle brukarane, på same tid som kvalitet i sakshandsaming og avgjersler skal ivaretakast. Hovedpunkt i revisjonen er reformulering av resultatkrav, endra prosedyre for sluttbedømming og nye mønster for samhandling mellom programstyret, institusjonane og stipendiatane. Ei av oppsummeringane frå erfaringar gjennom ti år er at refleksjonsarbeidet i for stor grad har fått rolle som ein eigen prosess, skilt frå den kunstnarlege prosessen, slik krava til levering for bedømming har vore stilt. Det er viktig for fagområdet kunst å halde fast ved at refleksjon inngår kontinuerleg i kunstnarleg arbeid og dette ligg til grunn for nye krav til dokumentasjon av refleksjon. Samla sett er likevel krav til innhald i stipendiatprosjekta lite endra.

- Revisjon av retningslinjene er slik at programstyret hovedsakeleg forholder seg til institusjonane og slik at institusjonane har ansvaret for sine stipendiatar og deira studieløp. Forenkla saksgang og raskare beslutningar, samt forenkla sluttprosedyre, bør bidra til betre gjennomføring på normert tid.



Styret har ansvar for organiseringa og gjennomføringa av dei felles obligatoriske programdelane i utdanninga, normert til i alt 20 studiepoeng. I dette inngår fire stipendiatseminar for kvart årskull. Her legges det stor vekt på at stipendiatane deltar aktivt i seminara og alle må presentere sitt prosjekt i relasjon til tema og læringsmåla for seminaret. Seminara har bidratt til å skape ein kullfølelse og eit samhald i stipendiatgruppa frå same opptaksår, på tvers av faggruppene og institusjonane.

Styret har god erfaring med bruk av tidlegare stipendiatar som seminarleiarar og har no ei gruppe av desse som tar medansvar for gjennomføringa av desse fellestiltaka. Det er gledelig at programmet no har nådd så langt at den kompetansen som er opparbeida gjennom programmet kan resirkulerast i organisert form til nye stipendiatkull. Styret engasjerer og ekspertise frå utanlandske institusjonar og frå kunstnarane sine interesseorganisasjonar til å førelese og innleie på desse seminara.

Den obligatoriske del av utdanninga består og av deltaking på to større samlinger årleg for alle stipendiatar, deira rettleiarar og andre fagpersonar. På samlinga om våren skal alle stipendiatane presentere sine kunstnarlege resultat og refleksjonar. Samlinga er eit godt sted for å få tilbakemelding på prosjekta i ulike fasar. I 2014 hadde vårsamlinga 120 deltakarar og i 2015 er det 100 deltakarar.

Styret arrangerer kvart år eit eget seminar for rettleiarane i forkant av stipendiaitsamlinga som et tiltak for å styrke rettleiarkompetansen i sektoren. Styret har sidan 2011 gjennomført 5 slike seminar. Desse blir vurderte som vellykka og har fått gode tilbakemeldingar. Tema for seminara har vore oppfatta som relevante og forma har involvert deltakarane aktivt. På seminaret i 2014 var det heile 70 deltakarar og i 2015 er det 45 deltakarar.

Styret foretar årlig utlysning av midler i prosjektprogrammet og står for utvelging av kva prosjekt som skal finansierast av programmet. Det kan søkjast om midler til gjennomføring av prosjekt som strekkjer seg opp til tre års varigheit. Alle søknader som oppfyller krava som er stilt til søknadsutforminga, blir sakkunnig vurderte før programstyret gjær vedtak om tildeling.

I 2014 kom det inn 12 søknader og alle fagområda er representerte. Det var 7 søknader innen musikk, 1 innen scenekunst, 2 innen billedkunst og 2 innen film. Prosjekta det vart søkt støtte til har ei samla ramme på 42,1 mill NOK. Når en tar hensyn til institusjonanes egenandel, som er betydelig, og bidrag fra andre partnere er det totale søknadsbeløp til programmet på 25 mill NOK. I 2015 er talet på søknader til programmet auka til 18 søknader. Totalt sett søkjer institusjonane om tilskudd på 40,4 mill NOK og det totale økonomiske omfanget av desse prosjekta er på 72,6 mill NOK.

I 2014 fikk fem prosjekter støtte på i alt 10,6 mill NOK over tre år. I 2015 har Programstyret gitt tilsagn om støtte til 5 prosjekt med i alt 10,3 mill NOK over 3 år og eit prosjekt fekk ei tilleggslyve til eit større dokumentasjonsarbeid, slik at samle tildeling er på 10,8 mill NOK.


Til no har i alt 21 prosjekt fått tildeling frå programmet med ei samla tilskudd på i alt 34,4 mill NOK.

- Prosjektprogrammet har i dag ei årleg ramme på 10 mill NOK. Programstyret meiner denne ramma burde vore på 30 mill NOK per år og har tatt dette opp i budsjettforslaga dei siste åra. Godt kvalifiserte prosjekt må kvart år avvisast grunna manglande finansiering fra PKU.

Ei oversikt over tildeling til prosjekta, fag og institusjonar dei tre siste åra går fram av vedlagt tabell.

Den årlege samlinga om hausten er blitt ein viktig stad for prosjektprogrammet. Haustsamlinga er eit vindu mot relevant aktivitet innafor heile feltet av kunstnarleg utviklingsarbeid i Noreg. Kunstnarleg utviklingsarbeid presenteres i fagleg relevante omgivelser ved institusjonane. I 2015 ble haustsamlinga som nå kallast Artistic Research Forum arrangert ved Norges arktiske universitet i Tromsø og samla over 150 deltakarar.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid er medlem i den internasjonale organisasjonen *Society for Artistic Research* (SAR), som også står for utgivelsen av *Journal for Artistic Research* (JAR). I eit prosjektsamarbeid (The Artistic Research Catalogue Project) mellom denne organisasjonen og eit internasjonalt konsortium er der utviklet et program (The Research Catalogue) for online presentasjonar av kunstnarleg utviklingsarbeid. Styret har beslutta å bruke the Research Catalogue som institusjonelt arkiv for programmet sine resultat. Det er etablert eit samarbeid med SAR, slik at Program for kunstnarleg utviklingsarbeid har sin eigen portal inn til dette arkivet. På denne måten vil styret sikre varig dokumentasjon av aktivitetar og resultatlar, samstundes som ein når ei internasjonal spreiding og merksemd. Det er ei forutsetning for å få støtte frå programmet at resultatata meldes inn til arkivering og publisering gjennom denne eller andre tilsvarande kanalar.



Styret har etablert kontakt med dei kunstnarlege forskerskolane i Sverige og Finland, med sikte på å klargjøre moglege samarbeidsområder. På ARF i Tromsø kom det deltakarar frå Sverige og Island. 3 stipendiatar frå Noreg deltok i 2014 på ein sommarskule i Finland. Eit tilsvarande arrangement er under planlegging sommaren 2015 i Stockholm.

4 Styring og kontroll i verksemda

Arbeidsbelastningen for styret er stor. Styret har hatt 7 ordinære møter, samt eit møte for å intervjuje søkjarar før opptak av nye stipendiatar. Styrets medlemmer har og teke aktivt del i planlegging og gjennomføring av samlinger og seminar.

Programstyret har lagt vekt på å ha eit godt forhold til institusjonane og NRKU. Det er faste møte og det er lagt opp til ei ny arbeidsdeling mellom PKU og institusjonane i stipendiatprogrammet. Ein større del av arbeidet med opptak og oppfølging av stipendiatane er etter ønskje frå institusjonane lagt dit. Meir kunne det vore, men det vil kreve at departementet endrar PKU sine vedtekter.

Forholdet mellom institusjonane og programstyret er regulert på ulike måtar i dei to programma. Medan stipendiatprogrammet baserer seg på deltakande institusjonar regulert gjennom ein avtale, kan alle høgare utdanningar søkje prosjektprogrammet om midlar. Kommunikasjonen mellom program og institusjonar er uansett sentralt. Det er ein krevande konstruksjon som tidvis har vore sett på prøve, men utfordringane har vore løyste gjennom dialog og tilpassing.

Programstyret er eit arbeidande styre. Styret har teke konkret ansvar for samlinger og seminar, og har følgt opp stipendiatane i det gamle regelverket. Styret fekk gjennom dette arbeidet viktige konkrete erfaringar frå verksemda. Samtidig førte det til stor arbeidsbyrde, og at ansvarsdelinga med institusjonane gjekk i feil retning. Fleire tiltak er no sett i verk for at styret kan avlastast frå oppgåver knytta til drift av programmet og meir kan utvikle den strategiske rolla:

- nye retningslinjer for stipendiatprogrammet er utvikla med dette fokus
- ei klarare avgrensing mellom administrativt og fagleg arbeid er trekt opp etter at ny administrativ leiar kom inn i 2014
- vertsinstitusjon før haustens årlege Artistic Research Forum har fått langt større ansvar for gjennomføring av samlinga

Programmet skifta ved inngangen til 2014 administrativ leiar. Programstyret er nøgd med administrasjonen og operatøren si tilrettelegging av styret sitt arbeid.

Representantar frå Programstyret har møterett som observatør i Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) sine møter, og dette fungerer godt.


Styret har forsøkt å kome i kontakt med andre organ under departementet (NFR, SiU og UiB) med sikte på å kunne kjøpe tenester knytta til tilgang til og drift av søkjesystem til dei to programma. Dette har ikkje lykkast. Vi utgreier no om vi kan finne ei løysing via forskningsdokumentasjonssystemet CHRISStin. Styret ser og på om det er mogleg å utvikle funksjonalitet i Research Catalogue som kan løyse programmet sine behov for søkjesystem, men finn at det er å beklage at vi ikkje til no har kome fram til ei nasjonal løysing med andre institusjonar tilknytta vårt eige fagdepartement.

Som eit hjelpemiddel tek programmet, i samråd med institusjonane, no i bruk funksjonalitet i Felles studentsystem for oppfølging av stipendiatane. Dette vil gi meir informasjon for analyse av gjennomstrømminga i programmet.

5 Vurdering av fremtidsutsikter - planar 2015

Det er eit mål for programmet å medverke til at nivået på kunstutdanningane i Noreg hevast. PKU skal vere i front og påverke utviklinga innan kuntnarleg utviklingsarbeid på nordisk og internasjonalt nivå.

- Frå starten og fram til utgangen av 2014 har 41 stipendiatar avslutta stipendiatprogrammet med bestått vurdering. Desse har kompetanse som førsteamanuensis. Prosjektprogrammet er nyare og dei første prosjekta er nettopp avslutta, men institusjonane melder at prosjektstøtte frå PKU har ein gjennomgripende betydning for kuntnarleg utviklingsarbeid i institusjonane.
- PKU bidrar til at kulturen for fagfellevurdering av verksemda i institusjonane aukar. Finansiering får programmet skal støtte opp under institusjonane sine strategiske planar ved å tilføre ressursar til høgt prioriterte område.

- 
- Arbeidsdelinga mellom Programstyret og institusjonane skal følgjast opp slik at det frigjerast tid for styret til å styrke si fagstrategiske rolle. Styret vil se dei to delprogramma i større samanheng slik at dei samla bidrar til ei nasjonal styrking av kunstnarleg utviklingsarbeid i høgre utdanning.

Programstyret arrangerer regelmessige og obligatoriske seminar for stipendiatane og for rettleiarane deira. I 2014 var det 70 rettleiarar på seminar. Desse seminara skal bidra til å styrke den faglege verksemda.

- Tal på deltakarar på samlingene i 2015:
 - Rettleiarseminar: 50
 - 4 stipendiatseminar kvar med 12 deltakar

Gjennom årlege samlinger skaper programstyret felles nasjonale møteplassar for presentasjon, diskusjon og vurdering av kunstnarleg utviklingsarbeid. Vårsamlinga har fokus på presentasjon og vurdering av stipendiatane sine arbeider og haustsamlinga på prosjektprogrammet. Styret vil sammen med Universitetet i Agder, arrangere Artistic Research Forum 2015 i oktober i Kristiansand.

- Tal på deltakarar på samlingene i 2015:
 - Vårsamling: 100
 - Haustsamling: 150

For å fylle oppgåva og sidestille fagområdet med anna forskning må volumet både i stipendiat- og prosjektprogrammet aukast monaleg. Dette er gjort greie for til Kunnskapsdepartementet i budsjettforslag for 2016 og i styringsdialog.

- Opptakstal til stipendiatprogrammet i 2015 vil vere 11 med finansiering frå PKU. Det er uvisst om institusjonane kan finansiere opptak av stipendiatar innafor egne budsjett.

Styret har møter med dei institusjonane som er knytta til stipendiatprogrammet. Programmet vil gå gjennom store endringer når det gjeld samhandlinga mellom styret og institusjonane etter at dei nye retningslinjene trer i kraft.

- PKU skal ha ei aktiv rolle ovanfor institusjonane.
- PKU og institusjonane tar i bruk Felles studentsystem til administrasjon og oppfølging av stipendiatane i programmet. Dette skal gje betre grunnlag for vurdering av reell tid for gjennomføring av stipendiatprosjekta.
- PKU sitt institusjonsmøte skal haldast i samband med NRKUs vårsamling i Bergen 4 mai. Endringene i retningslinjene og tiltak for betre gjennomstrømning vil vere dei sentrale tema i årets møte.

Vi må vente oss at alle stipendiatar med opptak i 2010 eller før får sluttvurderte sine prosjekt i løpet av 2015. Det vil i så fall gi en produksjon på 12 kandidatar. I tillegg kjem 7 stipendiatar tatt opp i 2011 og vi må forvente at nokon av dei gjennomfører si sluttvurdering. Vi kan rekne med eit totalt kandidat-tal på størrelse med det vi hadde i 2014.

- PKU forventar at 15 kandidatar sluttvurderast i 2015.

Det har lenge vore eit mål at stipendiatprogrammet skal vere akkreditert for ph.d.-graden. Det er eit sterkt ønskje frå institusjonane i sektoren og frå stipendiatane at dette spørsmålet får ei avklaring. Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) har sett ned ei arbeidsgruppe som og greier ut ulike alternativ. Realiseringen av dette og bevaring av programmet som eit nasjonalt fellestiltak med forskerskolen som eit sentralt element er viktig for styret.

Programstyret gjev i prosjektprogrammet tilsagn til prosjekt med varighet opp til 3 år. 7 prosjekt med støtte frå programmet blei avslutta i 2014 og 9 prosjekter er aktive også i 2015. Med den økonomiske ramma programmet i dag har, vil dei årlege tildelingane til institusjonane kunne ligge i overkant av 8 mill NOK per år.

- PKU vil i 2015 gje støtte til 6 prosjekt med i alt 10,2 mill NOK over 3 år.

Prosjektprogrammet sine kriterium har vore praktiserte i fire tildelingsrundar sidan 2010. Det skal leggje vekt på å vedlikehalde transparente og hensiktsmessige vilkår for kontraktane for prosjektgjennomføringa. Prosjektprogrammet er nytt og om nokre år vil ein kunne vurdere resultatene også ut frå publisering i JAR og andre relevante tidsskrift.

- Det er og eit mål å kunne sjå dei to delprogramma i større samanheng. Det er ønskjeleg å kunne tildele langt større ressurser til gode prosjekt, som for eksempel og kan omfatte rekrutteringsstillingar.
- PKU ønsker å kunne bruke tildelinger frå programmet til å styrke institusjonar som søker midler frå EU og andre kilder.

- Samarbeidet med Norges Forskningsråd skal stykaste.
- PKU vil vurdere kriteriene for tildelingar frå programmet. PKU skal leggje opp til retningslinjer og rutinar som ligger nær dei NFR brukar.
- PKU vil følgje opp at prosjekt med støtte frå programmet publiserer sine resultat internasjonalt.

Styret arbeider for å etablere system for online utforming og sakshandsaming av søknader i begge program. Styret har utforma ein kravspesifikasjon. Ei betre løysing enn dagens er naudsynt for å effektivisere og samtidig kvalitetssikre søknadsprosessane, og samtidig ta høgde for auken i talet på søknader. Styret sine innspel ovanfor andre prosjektfinansierende institusjonar under KD har ikkje ført fram. Styret har prioritert utvikling av Research Catalogue som system for arkivering og publisering. Vi ser no på om det er mogleg å tilpasse dette systemet til programmet sine behov knytt til søknader, tildelingar og administrasjon av prosjektprogrammet.

- PKU vil følgje opp at resultatane frå prosjekt med støtte frå PKU arkiverast i institusjonelle arkiv.
- PKU vil auke innsatsen for å få etablert eit elektronisk søknadssystem til prosjektprogrammet.

Tildelinga til Programstyret er i 2015 på NOK 38.114.000.

Programstyret har dei siste åra tatt til orde for at programmet bør disponere 45 stipendiatstillingar og dermed ha rom for til eit årleg opptak på 15 stipendiatar. Institusjonane og programmet er klare for det og sektoren treng det. Programstyret foreslår ei auke med 10 stillingar i 2016 og legg til grunn den satsen som er brukt for rekrutteringsstillingar i framlegget til Statsbudsjett for 2015. Det gjer ei auke i budsjettet med 11,33 mill NOK.

Frå prosjektprogrammet har i alt 21 prosjekt fått ei samla tildeling på 34,9 mill NOK. Den årlege ramma er no på 10 mill NOK. Det er stor søknad til programmet og eit klart behov for å jobbe for auka ressursar til programmet. Godt kvalifiserte prosjekt er avviste grunna manglande ressursar. Programstyret ser det som viktig at bevilgninga til prosjektprogrammet kan åpne for prosjekt som er langt meir ambisiøse enn det ramma for 2015 gjer mogleg. Programstyret har i budsjettforslag til KD tatt til orde for at den årlege tildelinga må vere slik at det er rom for å finansiere prosjekt som over tre år ligg på 10 - 15 mill NOK. Målet må difor vere ei rask opptrapping av prosjektprogrammet, slik at ramma kjem opp i 30 mill NOK per år.

Programstyret si budsjetttramme bør settes slik at det står i rimelig forhold til kunstsektorens størrelse innen høgere utdanning, og slik at det over tid bidrar til likeverdige vilkår for kunstnerleg utviklingsarbeid og anna forskning. PKU må derfor sikrast ein regelmessig vekst. Samla foreslår Programstyret ei auke i budsjettet for 2016 med NOK 21.330.000.

- PKU vil saman med institusjonane arbeide for å auke dei økonomiske rammene til programmet.
- Programstyret vil samstundes utnytte programmets likviditet betre slik at ubenyttede midlar blir satt i omløp.

6 Årsrekneskap 2014

I 2014 fekk programstyret samla stilt til disposisjon ei bevilgning på 33.800.000 NOK. I tillegg hadde programmet ein inntektsreserve frå tidlegare år på 2.605.569 NOK og avsetningar i balanserekneskapet på 13.473.447 NOK. I alt disponerte programmet 49.879.016 NOK.

Av dette er 28.652.219 NOK overført til institusjonane og 6.367.399 NOK er knytta til drift av dei to programma. Etter justering av inntekter har programmet til disposisjon 14.859.389 NOK ved årets slutt. Av dette er 9.798.525 NOK bundet i vedtak om tildelingar, slik at styret har til disposisjon 5.060.873 NOK.

Frå og med 2011 har budsjett og rekneskap vært organisert slik at verksemd knyttet spesifikt til ett av de to delområdene *prosjektprogrammet* og *stipendiatprogrammet* er budsjettert og rekneskapsført på de respektive delbudsjettene, mens det som må forstås som fellesutgifter for hele programdriften er lagt inn på *Overordnet programnivå (fellesnivå)*.

Stipendiatprogrammets budsjetttramme var på 23,8 mill NOK. Stipendiatprogrammets drift er rekneskapsført med 2,5 mill NOK. Overføringane til institusjonane til stipendiatar, drift og produksjonsstøtte er på 20,9 mill NOK. Det disponible beløp ved årets utgang er 4,3 mill NOK.

Prosjektprogrammets bevilgning var på 10,0 mill NOK. Overføring til institusjonane i 2014 er på 7,8 mill NOK. Prosjektprogrammet har ved utgangen av året et disponibelt beløp på 10,1 mill NOK. Av dette er 9,4 mill NOK bunde opp i vedtak om tildelingar, slik at 0,7 mill NOK er disponibelt.

Fellesnivået hadde eit budsjett på 3,8 mill NOK og har totalt rekneskapsført 3,6 mill NOK. Av dette er 2 mill NOK lønn til administrasjon og bidrag til KHiB som operatørkompensasjon. Dei øvrige kostnadane her er honorar til styret, generell drift av programma og utvikling av IT-løysingar. Ei oversikt over rekneskapet for felles drift er gitt i tabellen under.

Rekneskap 2014 felles drift:	
Generell drift, lønn administrasjon	1 715 880
Fellesnivå generell drift	1 154 788
Fellesnivå operatørkompensasjon	252 545
Fellesnivå konsulentbistand	70 500
Fellesnivå Journal for Artistic Research	193 302
Fellesnivå styring/utvikling PKU research portal	208 250
	3 595 265
SP generell drift	92 804
SP stipendiatsamlinger	703 812
SP veiledersamlinger	191 256
SP opptaksvurderinger	412 221
SP obligatoriske kurs	591 984
SP støtte oversettelser	28 750
SP 10 stipend RC	384 973
SP nytt reglement	123 395
	2 529 196
PP generell drift	20 837
PP sakkyndig vurdering	89 162
PP artistic research forum	132 939
	242 938
Sum PKU	6 367 398

Programmet sitt rekneskap for 2014 med overføringar til 2015 inngår i rekneskapet for Kunst- og designhøgskolen i Bergen og rapportert av KHiB i eige oppsett. Dette er vedlagt.

Rekneskapet viser at programmets drift har vore innafor tilgjengelege ressurser. Det er gjort tiltak for å bygge ned avsetningane. Alle tilgjengelig midler i prosjektprogrammet er fordelte, men utbetaling til prosjektene over fleire år gjør at det tar tid før dette får utslag i rekneskapet. Programstyret har auka tildelingene fra programmet ved å ta i bruk midler frå likviditeten og sjå tildelingane i eit lengre budsjettperspektiv.

Styret si samansetning



Det nåverande programstyret er oppnemnt med funksjonstid frå 01.01.2015 til 31.12.2018.

Programstyret består av:

Rektor Cecilie Broch Knudsen, Kunsthøgskolen i Oslo (leiar)
Førsteamanuensis Hans Knut Sveen, Universitetet i Bergen
Professor Live Marie Roggen, Norges musikkhøgskole
Professor David Vikøren, Kunst- og designhøgskolen i Bergen
Professor Serge von Arx, Høgskolen i Østfold
Førsteamanuensis Ellen Røed, Høgskolen i Oslo og Akershus
Professor Efva Lilja

Det er oppnemnt følgjande personlege varamedlemmer:

Dekan Vanessa Ohlraun, Kunsthøgskolen i Oslo (for Broch Knudsen)
Førsteamanuensis Geir Davidsen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet (for Sveen)
Professor Asbjørn Schaathun, Norges musikkhøgskole (for Roggen)
Førsteamanuensis Il Christine Hansen, Kunst- og designhøgskolen i Bergen (for Vikøren)
Professor Jeannette Christensen, Kunsthøgskolen i Oslo (for von Arx)
Førsteamanuensis Martina Keitsch, Norges teknisk-naturvitenskapelig universitet (for Røed)
Spesialrådgiver Inger Stray Lien, Universitetet i Oslo (for Lilja)

Programstyret som var oppnemnt med funksjonstid fra 01.01.2010 til 31.12.2014:

Professor Aslaug Nyrnes (HiB), leiar;
Førsteamanuensis Peter Tornquist (NMH), nestleiar;
Professor Jeannette Christensen (KHiO);
Førsteamanuensis Siri Dybwik (UiS);
Professor Nina Malterud (KHiB);
Førsteamanuensis Hans Knut Sveen (UiB);
Professor Malte Wadman (HiL).

Det var oppnemnt følgjande personlege varamedlemmer:

Professor Serge von Arx (HiØ) for Dybwik;
Professor Kirsti Bræin (KHiO) for Christensen;
Professor Mads Gamdrup for Wadman;
Førsteamanuensis Trine Knutsen (NTNU) for Sveen;
Professor Mette L'Orange (KHiB) for Malterud.
Professor Wolfgang Plagge (NMH) for Tornquist;

Prosjektprogrammet - tilsagn om støtte gitt i 2013 - 2015



Institu- sjon	Prosjekt	Prosjektleder	Oppstart	Prosjektslutt	År	Totalbeløp
HiL	Orden i kaos - en undersøgelse og utvidelse af sproget i den filmiske fortælling	Niels Pagh Andersen	2014	31.12.2017	3 år	1 400 000
HiL	True or false	Einar Egeland	2015	01.09.2018	3 år	1 800 000
KHiB	Topographies of the Obsolete:	Anne-Helen Mydland	2013	31.03.2015	2 år	1 922 000
KHiB	Topographies of the Obsolete: Phase 2	Ann-Helen Mydland	2015	01.01.2016	1 år	1 510 000
KHiB	Synsmaskinen: 7 fields of contemporary crisis	Frans Jacobi	2015	01.03.2017	2 år	1 652 000
KHiO	Nye forestillinger - nye verktøy: Kunnskaper & ferdigheter for et postdramatisk teater	Tore Vagn Lid	2014	30.06.2017	3 år	2 200 000
NMH	Den tenkende musiker	Håkon Austbø	2013	30.06.2015	2 år	1 933 000
NMH	Radical Interpretation of Iconic Musical Works	Kjell Tore Innervik	2013	31.07.2016	3 år	2 221 000
NMH	Music with the Real - exploring transmediality through music	Henrik Hellstenius	2014	31.10.2017	3 år	2 500 000
NMH	Den tenkende musiker	Håkon Austbø	2015	31.12.2015	2 år	451 000
NTNU	The charismatic self and hybrid divisions of labour: art in the age of creative industries and knowledge production	Jon Arne Mogstad	2014	30.06.2016	2 år	2 200 000
NTNU	Electronic Textures	David Rych	2015	01.03.2017	2 år	1 577 000
UiA	Music Without Borders - tradisjonsmusikk fra Setesdal i møte med verdensmusikere	Bjørn Ole Rasch	2014	30.06.2017	3 år	2 300 000
UiB	Wheels within wheels	Jostein Gundersen	2015	01.07.2018	3 år	3 776 000
						27 438 000

Prosjektprogrammet - utbetalinger 2015 - 2018



	Oppstart		Totalbeløp	Utbetaling 2015	Utbetaling 2016	Utbetaling 2017	Utbetaling 2018
Tildelingsramme	2012		7 022 000	0	0	0	0
	2013		6 576 000	1 593 750	0	0	0
	2014		10 600 000	4 400 000	2 850 000	600 000	0
	2015		10 766 000	3 802 100	3 869 000	2 065 000	744 000
	Sum:		34 964 000	9 795 850	6 719 000	2 665 000	744 000

Prosjektprogrammet - Søknader og tilsagn 2011-2015

	Søknad 01.05.11	Tilsagn 2011	Søknad 01.11.11	Tilsagn 2012	Søknad 5.10.12	Tilsagn 2012	Søknad 15.10.13	Tilsagn 2014	Søknad 15.10.14	Tilsagn 2015
HiB	-	-	-	-	1	0	1			
HiL	1	1	-	-	-	-	2	1	1	1
HiOf	-	-	1	1	-	-	-			
HiHe							1		1	
HiOA									1	
KHiB	2	1	1	1	1	1			2	2
KHiO	1	0	3	1	1	0	1	1	2	
NMH	2	0	0	1	4	2	1	1	2	1
NTNU	3	1	3	1	-	-	4	1	3	1
U i Bergen							1		2	1
U i Agder							1	1	3	
U i Stavanger									1	
U iTromsø	-	-	-	-	1	0				
Sum	9	3	8	5	8	3	12	5	18	6

Stipendiatprogrammet - ferdige kandidater



Ferdige kandidater per 31.12.2014						
Fagområde		Kvinner	Totalt			
Design		1	1			
Kunst		5	13			
Film		1	3			
Scenekunst		3	4			
Musikk		4	20			
		14	41			
Ferdige kandidater per 31.12.14						
Fagområde	Institusjon	Kvinner	Totalt			
Design	KHiB	1	1			
Design	KHiO	0	0			
Film	HiL	1	3			
Visuell kunst	KHiB	2	6			
Visuell kunst	KHiO	3	6			
Visuell kunst	NTNU	0	1			
Musikk	NMH	3	11			
Musikk	NTNU	1	6			
Musikk	UiB	0	2			
Musikk	UiT	0	1			
Scenekunst	HiØ	1	1			
Scenekunst	KHiO	2	3			
Sum		14	41			
Ferdige kandidater per 31.12.2014						
Institusjon	Design	Film	Visuell kunst	Musikk	Scene	Totalt
HiL		3				3
HiØ					1	1
KHiB	1		6			7
KHiO			6		3	9
NMH				11		11
NTNU			1	6		7
UiA						0
UiB				2		2
UiS						0
UiT				1		1
	1	3	13	20	4	41

Stipendiatprogrammet -



Stipendiatar i programmet per 2003-2014						
Institusjon	Design	Film	Visuell kunst	Musikk	Scene	Totalt
HiL		4				4
HiØ					3	3
KHiB	6		12			18
KHiO	4		15		9	28
NMH				24		24
NTNU			3	9		12
UiA						0
UiB				6		6
UiS				2		2
UiT			2	2		4
	10	4	32	43	12	101

Stipendiatar i programmet per 31.12.14						
Institusjon	Design	Film	Visuell kunst	Musikk	Scene	Totalt
HiL		1				1
HiØ					2	2
KHiB	4		3			7
KHiO	3		9		5	17
NMH				12		12
NTNU			2	3		5
UiA						0
UiB				4		4
UiS				2		2
UiT			2	1		3
	7	1	16	22	7	53

Stipendiatar i programmet per institusjon og opptaksår, per 31.12.2014										
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Totalt
HiL	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1
HiØ	0	0	0	0	0	0	0	1	1	2
KHiB	0	0	0	0	2	0	3	1	1	7
KHiO	0	0	0	3	1	3	2	3	5	17
NMH	1	0	1	0	1	3	4	1	1	12
NTNU	0	0	0	1	0	0	0	3	1	5
UiB	1	0	1	0	0	1	0	1	0	4
UiS	0	0	0	0	0	0	1	0	1	2
UiT	0	0	0	0	0	0	0	2	1	3
Totalt	2	0	2	4	4	7	10	12	12	53